



Nordhordland Veteranbåtlag
Tor Johannes Bjørgaas
Pb 26
5991 OSTEREIDET

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/1538 - 15/15856

Saksbehandlar:
Merete Rosslund Fløysand
merete.floysand@meland.kommune.no

Dato:
25.08.2015

Søknad om skjenkeløyve ved enkelthøve 29.08.15

Viser til dykkar søknad om skjenkeløyve ved enkelthøve, registrert 20.08.15.

VEDTAK

I medhald av Alkohollova kap. 4, §4-5, og etter delegasjonsvedtak i Meland kommunestyre 06.02.91, sak nr. 9/91, jfr. Alkohollova § 1-12

Gjev rådmannen i Meland NORDHORDLAND VETERANBÅTLAG

Løyve til skjenking av alkoholhaldig drikk i gruppe 1 (øl/rusbrus)	frå kl. 17.00 til kl. 22.00
Løyve til skjenking av alkoholhaldig drikk i gruppe 2 (vin)	frå kl. 17.00 til kl. 22.00
Løyve til skjenking av alkoholhaldig drikk i gruppe 3 (brennevin)	INGEN LØYVE

Dato for løyve:	29.08.15
Arrangement:	KYSTSOGEDAGANE PÅ HOLMEKNAPPEN
Skjenkeareal:	D/S OSTER, PÅ HERDLEFJORDEN
Skjenkestyrar:	TOVE GULDBRANDSØY F. 02.02.1951

Med helsing

Ingvild Hjelmtveit
rådmann

Merete Rosslund Fløysand
førstesekretær

Kopi til:

Alkoholkontrollørar

Skjenkestyrar

Økonomikontoret

RETNINGSLINER FOR SKJENKING AV ALKOHOLHALDIG DRIKK

Løyvehavar er ansvarleg for at skjenking av alkoholhaldig drikk går føre seg på ein slik måte at reglane i gjeldande lov og forskrift vert halde, og at alkoholpolitiske omsyn vert tatt vare på. Løyvehavar må først og fremst sjå til at det ikkje vert skjenka alkoholhaldig drikk til for unge og/eller synleg rusa personar, og at det ikkje vert skjenka ut over godkjent skjenketid slik denne er fastsett i løyvet.

Desse reglane gjeld for skjenkinga:

- Skjenking eller utlevering av alkoholhaldig drikk i gruppe 3 (brennevin) til person under 20 år og skjenking eller utlevering til person under 18 år av annan alkoholhaldig drikk, inkludert alkoholsvak drikk, må ikkje skje. Dei same aldersgrensene gjeld for den som skjenker alkoholhaldig drikk.
- Skjenka alkohol må vera konsumert 30 min. etter skjenketida er slutt.
- Alkoholhaldig drikk må ikkje skjenkast til tydeleg rusa person eller på ein slik måte
- at ein gjest kan bli synleg rusa.
- Det må overvakast at gjester ikkje nyt medbrakt alkoholvare, og at dei ikkje tek med seg alkoholvarer når dei forlet skjenkelokalet. Løyvehavar er pliktig å ha kontroll med all bruk av alkohol i det arrangement løyvet gjeld for.
- Det skal innbetalast ei avgift på kr. 310,- for ambulerande skjenkeløyve jfr. Forskrift om omsetning av alkoholhaldig drikk § 6-2. Giro vert sendt søkjar.
- Skjenkestyrar er ansvarleg for at reglar i alkohollova med forskrift vert følgde.

Alkoholkontrollørar kan kome uanmeldt til skjenkestaden og opphalde seg i lokalet for å observere at skjenkereglane blir følgde. Kontrollørane skal visa legitimasjon.